

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

Emnenr. *Transport av høy*Fylke: *Hedmark*

Tilleggsspørsmål nr.

Herad: *Elverum*

Emne:

Bygdelag: *Bjølsetgrenda i*Oppskr. av: *Olav Furuset*Gard: *Hjeradsbygda.
Bjølset larengård.*(adresse): *Jønna st.*

G.nr. 1. Br.nr. 16.-18.

A. Merk av om oppskrifta er etter eiga røynsle.

B. Eller om den er etter andre heimelsmenn: (ta også med alder, heimstad, yrke):
Oppskrevet etter *Olav Sandaker*, adr: *Jønna st.* Han er født i 1884 og er småbrukar.

SVAR

1) Nå bruker dei nesten berre høyragn og høykjeme til høyttransport. Men på små hestlause bruk hender det nok at dei frakter inn høyet på "berarstøier". Einskilde småbønder er det som enno frakter heim foret frå setera på skitekjelke om vinkren.

Utmarkslåtter bruker dei mest ikkje lengere. Ved *Jønna*, som fell ut i *Glomma*, er det ein del utslåtter som to mindre gardar slår enno.

På gården *Kerbronka* slo dei utslåtten *Letermyra* enno i 1930. Det var siste året. Det var ein god utslått og dei fekk 5-6 vinterlass på 4 mil.

2) Det hendte seg dei kjøpte høyet fram åt gårdsplassen, hell "lövöll" på setera, fyrst etter etter det var slått, og tørke det vidare der. Det var helst i utrygt vær. Ein slik tørkeglass ved ei løy kalk dei "lövöll".

Når høyet på lövöllan skulle inn, raka dei det ihop i stenger som alle geika mot lödöra. Så fyka dei det inn. Fyken var ein 2,5 m. lang og 8"-9" brei planker med to 6-7 m. lange rep som var festa i kvar sin ende på planken og i olet på selan på hesten.

2
Midt på fyken var påskjefta ein plankestubb
som kjørkaren kunne stå på. På det viset
glei ikkje fyken opp når det vart store fanger.
Det var ikkje småtteri som ein kunne ta i
vendinga med fyken.

Når ein brukte fyk var det felt lettviint
når lóa var gjort slik at ein feyre rett
gjennom ho. Men dei fleste lóene var slik at
ein måtte slegge at høyet utmed dóra og bera
det inn.

(Men kjempa, Otto Juydalsbakken fykte det
gikk for smalt med fyken au han. Ein
gong dei høydde i setra sagde det ut til å bli
regn. "Han, han karer, kneyyr tur hesten, kast
fyken og bynn å sjau inn," sagde han.).

Hadde dei ikkje hest og fyk, skiv to mann
slik oppstenga høy føre seg inn på ló'golvet
med river.

På Letermyra var det mange myrslåtter
i fortida. Enno står det at lóer på den tida.
Han Syver Oset slo mye på Letermyra. For det
meste arbeidet hanleine. Pågraset bar han
framåt lóvöll på "børsvølk." Den gjorde han
av ein fersk bjørkesvølk. I høyen laga han
ein lykkj og bedde rotenden igjennom når
han hadde lagt på så mye som han
kudde seg til å bera. Han la rotenden over
aksla og bar.

Der det var fleire i høje bar dei inn høyet
på "berastøien" når dei ikkje hadde hest.

Når det var sterke, spreke karer som heldt
på med høybering var det om å gjöra å lesse
så hardt at ein så partane ikkje orke å bera.
"Han far og han Johan Kil bar høy frå myrteiga

i Kjeksbjergsvollen. Han Johan mente nok å lesse ner n far. Men han Johan gikk nok på knea først likevel."

Når dei bar på berarstører måtte dei laga "kjemmer" på høyet. I. v. s. dei greide til høysfangene med riva. På det viset låg høyet stødigare og dei kunne legge på mye meir.

Det hendte at dei kjørte fram høyet på vanleg stey og. Det var helst der ein måtte fram etter falt steinnt lende. Det har vore lite brukt og nokon særleg utgreiding om korleis det gikk for seg har eg ikkje fått greie på.

Dei bruka noko dei kalte "rank" au, når dei skulle kjøre fram høi i ulenda.

Ranken var laga av to tennargraner. Mellom desse var det to tverher og oppå dei la dei ein botn. Kjemte dei høyet kunne dei legge på store lass. Torperudlingane har brukt "rank" på setra si like til dei siste åra.

3) Dei kjørde heim høyet frå saher og utslatter på vinterføre.

4) I høytanna bruker dei nå enten vanleg arbeidsvogn (utan grindar) eller grindkjere (to hjul) I dei siste 10-åra har dei like i bruk vanlege høyvogner med grindar. (Moelv-brug).

Eller har høi grindkjerene vore det mest vanlege lenge no. Like til kring 1890-åra brukar dei høykjerrgrinder laga av to granraver høvla på to kanter. Det vart borte hol med passe mellomrom ^{irøien} og dei brukte 80cm lange sprasser av tenakynt gran. Ut i 1890-åra vart det vanleg å bruke skorne bord og lekter til grindar.


Til høytransport vinterstida brukte dei slåa (slæde) som var 16"-18"^{høi} millom meiene og utstyrt med rafter og vegomeier. Meiene var jærnskodde. Når dei kjøyrde heim høi med slåa brukte dei værskier. Værskivengen var eit breidt bord på kvar side av lasset. Det hadde brett framma akkurat som eit vanlege ski. Millom værskivengen og værskikjeypen var det vruspenningar med skjøyt på midten. Det var forde dei ikkje skulle ryke så lett.

Når dei lest la dei værskien ut og la på høi og hæk. Lest omlag halvferdig reiste dei værskien opp med fire klyftkjetter. Skulle lasset vera smalt sette dei kjetterna skrått inn mot lasset. Omvendt om det skulle vera breidd. Når lasset var ferdig lest, gjøte (hukk b) dei det med forrepet. Forrepet vart feste ^{eller skamma} i ei "rephelle". Det var en naturleg krok ta gran. (Også omkrent ut som teikninga viser. Fkrysset var det eiurring slik at ikkje rephella skulle breste).


Eller rekna dei at dei skulle taka 8 til 10 vekter på eit vinterlass. Ei vekt er 40 kg. Eit sommerlass var 3-4 vekter mindre enn vinterlasset.

5) Høyet frå seter og utslått kjøyrde dei alltid heim etter jul. Helst i januar hell februar. Tida for kjøyringa vart bestemt av den som åtke mest høi i setergrenda eller utslått, og fleire bønder kjøyrde samstundes. Vegbrøytinga gikk for seg på det viset at dei kjøyrde føre med forslåene sine etter tur. Var det altfor mye snø, gikk kara føre


Höykjöring på slej.



Rank. Laga av to kemma grasser.
Ingen jämskoring.



Höyslad



Fyk



6
og tråka ein smal gadd åt hesta. Var det
drivjar (Drivsmå) måke dei seg igjennom dei.

Eller brukte dei særlege vegar til høyttransport
om vinteren. Dei var lagt i meire flatt
lende akkurat som tømmer vegane. I Lakerisen
nedunder Bjørsetsha går det ein vinterveg
dei enno kaller "forveien".

b) Den dagen dei skulle kjøpe heim høyt
på avsidesliggjande seter og utslåtter, starte
dei gjerne kl. 3 om morgonen. Som mat hadde
dei med seg varm mjølkewelling på spann.
Dessa tulle dei godt inn i hestekledde o. l. Slik
gjorde dei det på Bjørsetgarden så òn far.

Når dei var kommen fram måka dei snøen
unda løa og gjorde istand til lessinga. Så
åt dei og kvitt. Deretter gikk dei igang med
sjølve lessinga. Det var gjerne slik at ein
tråka og jerne ut høyet, medan dei andre
bar på fangar. I seterløier brukte dei gjerne
la det liggja at ein del høyt. Men i utløier
skrapa dei med alt.

Småbønder som ikkje åtte hest drog heim høyet
på skikjelke. Var det mykje snø og dårleg veg brukte
dei tuger. Han Lyver Oset drog heim alt høyet
på skikjelke. Helt frå Bjørsetsha til Oset drog han
mykje høyt. Det er full 8-9 km. og motbyli veg. Æ
det var ein fal arbeidshal.

Spørsmål 4. (Ett lite tillegg). Når dei kjøper heim
høyt på setene nå til dags bruker dei bokk og gjest-
rustring. Dei legger på ein bordbohn og bruker grunden
så grindkjerna eller høyragnas